

Informasjon i samband med opning av skulen for 5.-10. etter stenging grunna koronavirus.

I veke 20 opnar skulane for elevane på 5.-10. trinn. Vi er svært glad for at elevane kan kome tilbake til skulen. Skulane i Sunnfjord kommune er ulike når det gjeld størrelse og kapasitet. Dei fleste skulane kan handtere reglane om smittevern sjølv alle elevane kjem tilbake. Dei største skulane kan ha utfordringar med å handtere reglane, på grunn av utfordringar med plass og store klassar. Vi har fått informasjon frå Vestland fylkeskommune om at dei vil ha utfordringar med skysskapasiteten, på grunn av reglane om smittevern ved transport. Viser til informasjon frå Vestland fylkeskommune. Vi arbeider med å finne løysingar, men skysskapasiteten vil legge føringar på skuletida for elevane.

Kvar einskild skule må tilpasse skuleopning og skuleveka etter sine føresetnadar og skyssbehov. Tilbodet vil difor variere mellom skulane. **Kvar skule sender ut informasjon om skuletid for elevane.**

Elevane på 1.-4. trinn vil halde fram som normalt og opningstida i SFO vil vere mellom 08.00 og 15.30.

Elevane blir delt inn i faste grupper kalla kohort*-grupper. Kohort gruppene vil variere i størrelse, men det skal vere ein avstand på 1 meter mellom elevane i klasserommet. Kohort-gruppene skal ha faste klasserom og lærarar, og kvar elev skal ha sin pult og sitt utstyr. Elevane skal lære god handvask, og det blir handvask etter aktivitetar og til faste tider. Gruppa skal mest mogleg vere samla i friminutt og uteområdet kan bli delt inn i soner. Friminutt kan bli lagt til ulike tidspunkt for ulike grupper.

Ved henting og levering, skal ikkje føresette gå inn på skulen. Levering og henting skal skje ute. Elevar som ikkje har rett til skuleskyss, bør ikkje nytte offentlig transport [i.fr rettleiaren for smittevern i skulen.](#) Vi oppmodar elevar som har ein trygg skuleveg sterkt om å gå, eller sykle til skulen.

Om eleven har symptom på luftvegsinfeksjon, skal ikkje eleven møte på skulen. Om eleven blir sjuk på skulen, blir føresette kontakta og eleven må heim. Føresette må vere tilgjengeleg på telefon om slike situasjonar oppstår. Om føresette ikkje kan treffast på telefon, må skulen få informasjon om korleis dei kan ta kontakt. Eleven må vere heime til det har vore symptomfri i eit døgn.

Dei fleste elevar kan møte om dei har kroniske sjukdomar, men det er ei lita gruppe med barn og ungdommar som ikkje bør møte på skulen.

Barnelegeforeininga har utarbeidd ein god rettleiar, som det vert lenka til i [rettleiaren frå Utdanningsdirektoratet.](#)

Er de som føresette usikre på om eleven bør møte på skulen, ta kontakt med lege for å få ei vurdering. Det same gjeld om barnet bur saman med vaksne som tilhøyrar risikogruppa. De finn oversikt over risikogrubbene ved å følgje lenka: [FHI risikogrupper](#). I begge tilfelle er det viktig å ha god dialog med skulen.

Barn og unge som ikkje møter på skulen utan at dei tilhøyrar ei risikogruppe, eller har føresette i ei risikogruppe, vil ikkje få undervisning frå skulen. Alle barn og unge har rett til opplæring. I slike tilfelle er det føresette som overtek ansvar for opplæringa. Opplæringa skal dokumenterast og kommunen skal føre tilsyn med om opplæringa er forsvarleg.

Det er viktig at eleven forstår kvifor tiltaka blir gjennomført og kvifor det er så viktig at eleven følgjer opp tiltaka. Det kan vere nyttig å sjå ein liten film saman med eleven før dei kjem tilbake i skulen. [Lenke til informasjon for barn og unge](#). Det er laga ein teiknefilm i samband med opning av barnehagen. [Ved å følgje denne lenka finn de ein film for dei minste barna](#).

Det er naturleg å oppleve uro i situasjonen vi har med koronaviruset, men opning av skulane bygger på den erfaringa ein har med korona, og kunnskap om smitte. Barn og unge blir svært sjeldan sjuke av koronaviruset og dei påverkar i liten grad smittespreiing i samfunnet. I Sunnfjord kommune blir våre tiltak og vurderingar gjort i samråd med kommuneoverlegen. Øystein Furnes har laga ein video som det kan vere nyttig for føresette å sjå. [Her finn du lenke til filmen](#).

Tilsette får opplæring i smittevern, med vekt på god handhygiene og forståing av smittevern. Skulane har utarbeidd rutinar og planar for at elevane skal få ein trygg og forsvarleg skulekvardag. **Skulen vil informere føresette og elevar om lokale rutinar.**

Vi ser fram til at elevane kjem tilbake til skulen.

Med vennleg helsing

Åge Stafsnes

Kommunalsjef skule

Tlf: +47 911 52 211

Sunnfjord kommune

Sentralbord: +47 57 72 20 00

www.sunnfjord.kommune.no

Information in other language

[Information about corona from FHI Norwegian Institute of Public Health](#)

[Information from Helsedirektoratet/FHI](#)

Information from [Utdanningsdirektoratet](#)

[Arabisk](#)

[Engelsk](#)

[Polsk](#)

[Russisk](#)

[Somali](#)

[Sorani](#)

[Tigrinja](#)

*Kohort er ei mindre fast gruppe med born ungdom og vaksne